

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.02.2017

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

Sotra må få køfri kollektivtransport. Det er positivt at det er lagt opp til å realisere Sotrasambandet tidleg i planperioden. Det må regulerast for gjennomgåande kollektivtrase frå oppstart av sambandet i tråd med overordna mål/føresetnader, samt leggjast til rette for skinnegåande transport/bybane. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen komme tilbake med ny sak når det blir regulert gjennomgåande kollektivtrase på sambandet.»

Røysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp, SV).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med atterhald om tilslutnad frå høyringskommunane, går fylkestinget inn forfølgjande utbygging- og finansieringsopplegg for Rv555 Sotrasambandet (Storavatnet - Kolltveit):
 - Utbygging av Rv 555 Sotrasambandet skal delfinansierast med bompengar. Innkrevinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande Rv 555 (prinsipp 3) i tråd med tidlegare vedtak.
 - Det er lagt til grunn at gjennomsnittstaksten ved opninga av ny Rv 555 Sotrasambandet vil bli på 39,50 kr i 2017-prisnivå. Det er førebels lagt til grunn at dette vil gje følgjande takstnivå både på ny og eksisterande veg:
 - 49 kr for takstgruppe 1 (køyretøy inntil 3 500 kg inkl. køyretøy i køyretøygruppe M1) i bomstasjonane.
 - 98 kr for takstgruppe 2 (køyretøy over 3 500 kg ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1), dvs. at takstgruppe 2 betaler det dobbelte av takstgruppe 1.
 - Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt ved bruk av brikke og gyldig avtale. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt ved bruk av brikke.
 - Det blir lagt opp til at nullutsleppskøyretøy skal betale halvparten av ordinær takst for takstgruppe 1 i tråd med nasjonale retningslinjer.
 - Bompengerperioden blir sett til 20 år frå opning av den nye vegen.
 - Dersom bompengeinntektene blir lågare enn føresett, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 pst. utover prisvekst og bompengerperioden forlengast med inntil fem år.
 - Det blir føresett samla brutto bompengeinntekter på 7,0 mrd. 2017-kr. Dette skal dekke lånerenter, kostnader til innkrevjing og drift av selskapet og bidraget til bygging av Sotrasambandet (bompengebidraget). Bompengebidraget vil bli fordelt på ei utbetaling ved opninga av vegen og deretter løpande utbetalningar fordelt over 20 år. Bompengebidraget utgjør bompengeselskapet sine plikter knytt til utbygginga.
 - Det blir lagt til grunn at takstar og kostnader skal prisjusterast med SSB sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til opninga av vegen og deretter med SSB sin konsumprisindeks.
2. Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldernarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

3. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.